



Prop. 32 S

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2016 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 25. november 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2016 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 er gitt ei omtale av statleg deltaking i gassfeltet Dvalin. I kapittel 4 er gitt ei oppdatering av Martin Linge-prosjektet, som varsla i Prop. 1 S (2015–2016) for Olje- og energidepartementet. I kapittel 5 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsværksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2016

Kap. 1811 Statoil ASA

Post 96 Aksjar

Styret i Statoil har etter generalforsamlingsvedtak 11. mai 2016 innført eit utbytteaksjeprogram. Programmet er innretta slik at aksjeeigarar kan velje å ta imot utbyttet heilt eller delvis i form av kontantar eller nye aksjar i selskapet til rabatterte pris. Staten tek del i programmet under føresetnad av at eigardelen skal vere konstant på 67 prosent

gjennom heile programmet. Dette skjer ved at staten teiknar seg for det talet aksjar som dei andre aksjonærane har valt i sum. Staten vil motta utbyttet frå Statoil i form av kontantar og nyutferda aksjar så lenge programmet varer. Dette inneber at statens kontantutbytte vil bli redusert i perioden då utbytteaksjeprogrammet pågår. Talet aksjar som staten har i Statoil vil auke sjølv om eigardelen blir halden konstant. Ein viser elles til Prop. 84 S (2015–2016) Deltakelse i utbytteaksje-program og kapitalforhøyelse i Statoil ASA for nærare informasjon om programmet og Stortingets behandling av denne, jf. Innst. 260 S (2015–2016).

Selskapet annonserer kvart kvartal eit kontantutbytte i amerikanske dollar. Norske aksjeeigarar får sitt utbytte utbetalt i norske kroner. Utbyttet frå Statoil blir betalt om lag fire månader etter at selskapet annonserer utbyttet i samband med at rekneskapstala for kvartalet blir gjort kjende. Dette inneber at utbyttet frå tredje og fjerde kvartal 2015 og første og andre kvartal 2016 blir betalt i 2016. Staten har motteke utbytte for tredje og fjerde kvartal 2015 og første kvartal 2016, jf. tabell 2.1.

Tabell 2.1 Fordeling av kontantutbytte og utbytteaksjar til staten

| | 3. kvartal 2015 | 4. kvartal 2015 | 1. kvartal 2016 |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|
| Kontantutbytte per aksje i USD | 0,2201 | 0,2201 | 0,2201 |
| Samla utbytte til staten i NOK | 4 044 620 286 | 3 868 795 096 | 3 922 367 603 |
| Kontantutbytte til staten i NOK | 4 044 620 286 | 2 267 110 680 | 2 228 935 173 |
| Tal aksjar | - | 12 260 291 | 13 379 414 |
| Pris per aksje, teikningskurs | - | 130,64 | 126,57 |
| Auka aksjekapital, bokført verdi (NOK) | - | 1 601 684 416 | 1 693 432 430 |

Den delen av utbyttet som blir nytta til å utferde nye aksjar for staten er føreslått inntektsført under kap. 4811 Statoil ASA, post 96 Utbytteaksjar og utgiftsført under kap. 1811, post 96. Dermed vil staten sin del av utbyttet som blir nytta til å utferde nye aksjar, bli synleggjort og inntektsført som utbytte og samtidig utgiftsført som aksjekjøp i statsrekneskapen slik at aksjekapitalen i Statoil ASA blir auka tilsvarende i statens kapitalrekneskap, bokført verdi.

For budsjettformål er lagt til grunn samme beløp og fordeling mellom kontantutbytte og utbytteaksjar som for første kvartal 2016 også for andre kvartal 2016. Ein gjer merksam på at rekneskapsført beløp under denne posten vil avvike frå dette budsjettekniske estimatet og vil vere det same som blir inntektsført under kap. 4811 Statoil ASA, post 96 Utbytteaksjar.

Det blir føreslått løyvd 4 989 mill. kroner i utbytteaksjar i 2016. Ein viser til tilsvarende forslag til løyving under kap. 4811, post 96 Utbytteaksjar.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Utgifter knytte til Noregs vassdrags- og energidirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor vassdrags- og energisektoren blir anslått

til 70 mill. kroner i 2016, ein auke på 12 mill. kroner. Auken har samanheng med auka bruk av konsulentbistand i Myanmar og Tanzania.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å auke løyvinga med 12 mill. kroner, til om lag 104 mill. kroner. Ein viser til motsvarande inntektsauke under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 60 og 72

Det er anslått at ein større del av løyvinga til flaum- og skredtiltak vil bli gitt som tilskot til kommunar enn tidlegare budsjettert. Dette knyter seg til midlar frå tiltakspakken for å stimulere til auka aktivitet og sysselsetjing, kvikkleiresikring i Larvik og skredsikring i Hammerfest.

På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 33 mill. kroner, til om lag 338 mill. kroner. Ein viser til motsvarande utgiftsauke under kap. 1820, post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging.

Post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 22 og 72

Det blir føreslått å auke løyvinga med 33 mill. kroner, til 68 mill. kroner. Ein viser til omtale av motsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 22 Flaum- og skredførebygging.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.2 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2016 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

| Kap./post/ underpost | Nemning | Gjeldande løyving ¹ | Forslag til ny løyving | Endring |
|-------------------------|--|-----------------------------------|---------------------------|---------|
| 2440 30 | Investeringar | 30 000 | 28 000 | -2 000 |
| Sum kap. 2440 | | 30 000 | 28 000 | -2 000 |
| 5440 24.1 | Driftsinntekter | 123 800 | 124 400 | 600 |
| 24.2 | Driftsutgifter | -32 000 | -31 000 | 1 000 |
| 24.3 | Leite- og feltutviklingsutgifter | -2 300 | -2 500 | -200 |
| 24.4 | Avskrivningar | -23 500 | -23 500 | |
| 24.5 | Renter av statens kapital | -4 000 | -3 900 | 100 |
| 24 | Driftsresultat | 62 000 | 63 500 | 1 500 |
| 30 | Avskrivningar | 23 500 | 23 500 | |
| 80 | Renter av statens kapital | 4 000 | 3 900 | -100 |
| Sum kap. 5440 | | 89 500 | 90 900 | 1 400 |

Kontantstraum frå SDØE:

| | | | |
|----------------------------------|---------|---------|--------|
| Innbetalingar ² | 123 800 | 124 400 | 600 |
| Utbetalingar ³ | 64 300 | 61 500 | -2 800 |
| Nettokontantstraum frå SDØE | 59 500 | 62 900 | 3 400 |

¹ Gjeldande løyving for 2016 er basert på Stortingets løyvingvedtak av 18. desember 2015 og seinare endringar i 2016 (revidert budsjett), jf. Prop. 122 S (2015–2016) og Innst. 400 S (2015–2016)

² Innbetalningar = driftsinntekter

³ Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Løyvinga under kap. 2440, post 30 Investeringar blir foreslått redusert med 2 000 mill. kroner, til 28 000 mill. kroner. Operatørane på norsk sokkel arbeider for å redusere kostnader og investeringar. Dette gir også utslag for SDØE-porteføljen sin del. Årsaka til reduksjonen er forbetringstiltak, lågare kostnader i leverandørmarknaden og utsetjing av aktivitet.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 600 mill. kroner, til 124 400 mill. kroner. Auken er knytt til høgare prisføresetnader og høgare berekna produksjon av væske. Dette blir motverka av lågare prisføresetnader for gass og lågare berekna produksjon av gass.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 1 000 mill. kroner, til 31 000 mill. kroner, som følgje av reduserte kostnader knytte til å drive felta i porteføljen.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 200 mill. kroner, til 2 500 mill. kroner, som følgje av endra leiteplanar og justeringar for tildelingar av nye leiteområde i byrjinga av 2016.

Overslaget under kap. 5440, underpost 24.5 Renter på statens kapital er redusert med 100 mill. kroner, til 3 900 mill. kroner, som følgje av lågare rente og noko lågare prognose for investeringar i 2016.

Endringane i underpostar omtala ovanfor fører til at det berekna driftsresultatet for SDØE er auka med 1 500 mill. kroner, til 63 500 mill. kroner.

Overslaget for netto konstantstraum frå SDØE er auka frå 59 500 mill. kroner til 62 900 mill. kroner, ein auke på 3 400 mill. kroner frå gjeldande løyving for 2016.

Kap. 2490 NVE Anlegg*Post 24 Driftsresultat*

Tabell 2.3 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2016 under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

| Kap./post/ underpost | Nemning | Gjeldande overslag | Nytt overslag | Endring |
|-------------------------|--------------------------------|-----------------------|------------------|---------|
| 2490 24.1 | Driftsinntekter | -68 000 | -122 000 | -54 000 |
| 24.2 | Driftsutgifter | 63 700 | 117 000 | 53 300 |
| 24.3 | Avskrivningar..... | 4 000 | 4 800 | 800 |
| 24.4 | Renter av statens kapital..... | 300 | 200 | -100 |
| 24 | Driftsresultat..... | 0 | 0 | 0 |

Auken i driftsinntekter skuldast høgare omsetjing som følge av oppryddings- og sikringstiltak etter flaumen på Vestlandet i 2014 og auka løyving til flaum- og skredførebygging. Inntektsauken er motsvara av tilsvarande auke i utgifter til varer, tenester og underleveransar mv. Auka avskrivningar skuldast større investeringar og anleggskapital.

Ovannemnde endringar medfører inga endring i NVE Anleggs driftsresultat.

Kap. 4811 Statoil ASA*Post 96 Utbytteaksjar*

Den delen av utbytte som blir nytta til å utferde nye aksjar for staten er forslått inntektsført under denne posten og utgiftsført under kap. 1811 Statoil ASA, post 96 Aksjar. For budsjettformål er lagt til grunn samme beløp og fordeling mellom kontantutbytte og utbytteaksjar som for første kvartal 2016 også for andre kvartal 2016.

Det blir foreslått løyvd 4 989 mill. kroner i utbytteaksjar i 2016. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1811, post 96 Aksjar.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 12 mill. kroner, til om lag 101 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsauke under kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 5685 Aksjar i Statoil ASA*Post 85 Utbytte*

Den delen av utbyttet som blir utbetalt i kontantar, vil på vanleg måte bli budsjettert og rekneskapsført i norske kroner under denne posten. Statoil har utbetalt eit utbytte på 0,2201 USD/1,8932 kroner per aksje for tredje kvartal 2015, 0,2201 USD/1,8109 kroner per aksje for fjerde kvartal 2015, 0,2201 USD/1,8255 kroner per aksje for første kvartal 2016 og vedteke eit utbytte på 0,2201 USD per aksje for andre kvartal 2016.

For budsjettformål er lagt til grunn eit kontantutbytte tilsvarande utbetalinga for første kvartal 2016 også for andre kvartal 2016. Det er dermed budsjettert med eit samla kontantutbytte på 10 770 mill. kroner, ein reduksjon på 4 612 mill. kroner.

3 Statleg deltaking i Dvalin

Dvalin er eit gassfelt i utvinningsløyve 435 i Norskehavet. Estimerte utvinnbare reservar er av operatøren anslått til rundt 18,2 mrd. standard kubikkmeter gass og 0,4 mill. standard kubikkmeter kondensat. Feltet skal etter planen byggjast ut med ei undervassløysing knytt opp mot ein ny prosessmodul for gass på Heidrun. Gassen vil bli transportert frå Heidrun-plattformen gjennom røyrleidningen Polarled til Nyhamna. Deretter blir gassen eksportert gjennom Gassled til marknaden. Investeringsramma for Dvalin er om lag 10,3 mrd. kroner. Rettshavarane i løyvet er DEA Norge (operatør) med ein del på 40 prosent, Edison (20 prosent), OMV (20 prosent) og

Maersk (20 prosent). Utbyggingsplanane for Dvalin (PUD/PAD) vart leverte til styresmaktene 3. oktober 2016. Norsk leverandørindustri er i oktober tildelt kontraktar til ein verdi av 4,5 mrd. kroner knytte til utbygginga, med atterhald om myndigheitsgodkjenning. Venta produksjonsstart for Dvalin er fjerde kvartal 2020. Rettshavarane i løyvet må tiltre PUD seinast 3. januar 2017. På dette tidspunktet må den endelege eigarsaman-setjinga i løyvet vere avklart.

Petoro har blitt kontakta av rettshavarar i utvinningsløyvet med tanke på ei mogleg statleg deltaking i Dvalin. På den bakgrunnen har Petoro gjort ei vurdering av tekniske og økonomiske sider ved Dvalin-utbygginga. Petoros vurdering er at utbygging av Dvalin-feltet samla sett vil vere lønsamt for SDØE.

Petoro har gjennomført forhandlingar med OMV Norge AS og inngått avtale om overføring av OMVs 20 prosent deltakardel i utvinningsløyve 435. Avtala er inngått med atterhald om at saka blir lagt fram for Stortinget og at overføringa blir godkjend av generalforsamlinga i Petoro. Avtala har økonomisk verknad frå 1. januar 2016 og inneber at staten ved SDØE kompenserer OMV for verdien av skattebalansar og påførte feltutviklingskostnader på til saman 133 mill. kroner i 2016. Petoro blir rettshavar i utvinningsløyve 435 etter at avtala med OMV er godkjend av generalforsamlinga i Petoro.

Maersk melde at dei fråtredde løyvet 3. oktober og at selskapet ikkje vil tiltre PUD for sin deltakardel på 20 prosent innan fristen 3. januar 2017. Dei andre rettshavarane har på den bakgrunnen fristilt Maersk frå kostnader som kjem til i interessentskapet etter 3. oktober 2016, då desse hovudsakleg er knytte til utbygginga. Departementet har meddelt Petoro at dersom Maersk ikkje tiltre PUD, kan staten ved Petoro som rettshavar overta ein del på inntil 10 prosentpoeng av Maersk sin del i nemnde løyve etter at avtala med OMV er godkjend av generalforsamlinga i Petoro og Petoro er blitt rettshavar. Overtakinga av 10 prosentpoeng av Maersk sin del kan godkjennast etter at saka er lagt fram for Stortinget. DEA vil overta resterande 10 prosentpoeng av Maersk sin del.

Det følgjer av petroleumslova § 11-1 første ledd at den statlege deltakinga i petroleumsverksemda skal skje innanfor eit etablert interessentskap. Staten kan først bli deltakar i Dvalin-interessentskapet etter at overdraginga av OMVs 20 prosent deltakardel i utvinningsløyve 435 til staten er

godkjent av generalforsamlinga i Petoro. På den bakgrunnen er det derfor avtalt mellom Petoro og DEA at DEA frå 3. oktober 2016 dekkjer feltutviklingskostnader for den delen Petoro overtek frå Maersk fram til Petoro blir rettshavar. Dese feltutviklingskostnadene vil bli betalte tilbake frå Petoro etter at selskapet har blitt rettshavar. Budsjettkonsekvensar som følgje av Maersks fråtreding er anslått til om lag 26 mill. kroner i 2016 for SDØE sin del på 10 prosent. DEA vil betale for sin del av kostnadene i same periode.

OED har fullmakt til å godkjenne overdraging (sal, kjøp eller byte) av deltakardelar for Petoro AS som forvaltar av SDØE der ein går ut frå at ressursane for deltakardelen i utvinningsløyvet på tidspunkt for overdraginga er mindre enn 3 mill. Sm³ oljeekvivalentar, jf. romartalsvedtak XIV i Prop. 1 S (2015–2016) og Innst. 9 S (2015–2016).

Basert på Petoros vurdering er reserveanslaget for OMV sin del på 20 prosent i løyvet innanfor fullmaktsgrensa. Dersom reserveanslag til operatøren for Dvalin blir lagt til grunn er anslaget for OMV sin del 3,72 mill. Sm³ oljeekvivalentar.

Vidare har departementet godkjent at staten ved Petoro kan overta 10 prosentpoeng av Maersk sin del i og med at selskapet har sagt at det ikkje vil tiltre PUD og vil tre ut av løyvet. OED har fullmakt til å godkjenne at Petoro kan delta i overdraging (sal, kjøp, byte) av deltakardelar i interessentskap der ein rettshavar vel å tre ut av interessentskapet og der overdraginga vedkjem SDØE, jf. romartalsvedtak XV i Prop. 1 S (2015–2016) og Innst. 9 S (2015–2016).

Departementet er kjent med at det framleis går føre seg prosessar i interessentskapet med sikte på endeleg å avklare eigarsamansetjinga i Dvalin i løpet av 2016. I den samanhengen kan det bli aktuelt for staten å auke deltakardelen i Dvalin utover det som følgjer av avtala med OMV og overtaking av ti prosentpoeng frå Maersk. Det er lagt til grunn at ein eventuelt ytterlegare auke i deltakardel for SDØE blir dekt innanfor dei rammene som følgjer av departementets fullmakter som det er gjort greie for ovanfor. Det er løyvingsdekning for budsjettkonsekvensane av ovannemnde overdragingar for SDØE under kap. 2440/5440.

Slik det er framstilt ovanfor, vil det bli fleire overdragingar av deltakardelar til SDØE i utvinningsløyve 435. Petoro og operatøren har ulik vurdering av reservane i Dvalin. På den bakgrunnen legg departementet saka fram for Stortinget, jf. forslag til romartalsvedtak II.

4 Martin Linge

I Prop. 1 S (2016–2017) for Olje- og energidepartementet vart det varsla at departementet ville komme tilbake med ei oppdatering av Martin Linge-prosjektet i endringsproposisjon om budsjettet for 2016. I etterkant av framlegginga av Prop. 1 S (2016–2017) har operatøren av Martin Linge-prosjektet informert departementet om ein ytterlegare auke i investeringsanslaget for prosjektet på om lag 3 mrd. kroner sidan førre rapportering. Anslaget for samla investeringar er no 38,6 mrd. kroner. Samanlikna med PUD-anslaget er det ein total auke på 10,4 mrd. kroner, der 2,15 mrd. kroner er valutaendringar. Målt i norske kroner er auken på 37 prosent frå PUD-anslaget. Hovudårsaken til auken sidan 2015 er utsett produksjonsoppstart med eitt år til andre kvartal 2018, som følgje av forseinka detaljprosjektering av plattformoverbygget. I tillegg har utsetjinga medført auka kostnader knytte til sikring av personellressursar på verftet i Korea. Utsetjinga medfører òg følgjekostnader knytte til å oppretthalde prosjektteamet og å reforhandle kontraktar.

5 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsverksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av desse fullmaktene sidan forrige rapportering.

5.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt til forenkla behandling frå styremaktene si side har blitt nytta ved to høve:

Gullfaks

Departementet mottok 30. juni 2015 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift av Gullfaks. Planen er ei heilskapleg tilnærming til auka utvinning frå Gullfaks-feltet og inkluderer første fase for utvikling av petroleumsførekomsten i Shetland-gruppa og Lista-formasjonen. Prosjektet omfattar tiltak i eksisterande brønningar. Det skal ikkje byggjast ny infrastruktur på feltet i

denne fasen. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (51 prosent), Petoro AS (30 prosent) og OMV Norge AS (19 prosent).

Dei totale investeringane i plan for utbygging og drift er anslått til 1,9 mrd. 2016-kroner.

Endra plan for utbygging og drift av Gullfaks vart godkjent av Olje- og energidepartementet 3. desember 2015.

Oseberg Vestflanken 2

Departementet mottok 18. desember 2015 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Oseberg Vestflanken 2. Den valte utbyggingsløysinga er ei botnfast, ubemanna brønnhovudplattform. Brønnstraumen vil bli sendt til Oseberg felt-senter i ein ny røyrleidning. Frå feltsentret vil oljen bli ført til Sture-terminalen, mens gassen vil bli sendt til St. Fergus i Storbritannia. Venta produksjonsstart er 2. kvartal 2018. Rettshavarar er Statoil Petroleum AS (49,3 prosent), Petoro AS (33,6 prosent), Total (14,7 prosent) og Conoco-Phillips (2,4 prosent)

Dei totale investeringane i plan for utbygging og drift er anslått til 8 mrd. 2016-kroner.

Plan for utbygging og drift av Oseberg Vestflanken 2 vart godkjent av Olje- og energidepartementet 14. juni 2016.

5.2 Fullmakt XIII – Overføring av eigeomsrett mot bruksrett

Fullmakt til overføring av eigeomsrett mot bruksrett er nytta ved eitt høve.

Prosjekt for oppgradering av kapasiteten i Kvitebjørn gassrøyr

Petoro har på vegner av Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) delteke med ein del på 30 prosent i investeringar i auka kapasitet i Kvitebjørn gassrøyr. Investorgruppa for prosjektet inngjekk 12. mars 2015 ei avtale om overføring av eigeomsretten til oppgraderingane til Gassled. Eigarskapen vart overført til Gassled den 1. oktober 2016 mot at investorgruppa får tariffrettane til kapasitetsauken fram til investorane har oppnådd ein realavkastning på investeringa si på 7 prosent. Etter det går eventuelle inntekter på bruk av denne kapasiteten til Gassled. Staten har ein direkte eigardel på 30 prosent i prosjektet og om lag 46,7 prosent i Gassled gjennom direkte og indirekte eigarskap. SDØE sin del av investeringa utgjer 66 mill. kroner.

5.3 Fullmakt XV – Overføring og samordning av eigardelar i utvinningsløyve

Fullmakt til overføring og samordning av eigardelar i utvinningsløyve har blitt nytta ved eitt høve.

Byrding

Byrding-funnet ligg i utvinningsløyve 090 B, men ein del av funnet går inn i utvinningsløyve 248 D og 248 GS. Pétoro er rettshavar i 248 D og 248 GS. Ifølgje petroleumslova § 4-7 skal rettshavarane, dersom ein petroleumsførekomst strekkjer seg over fleire blokker som ikkje har same rettshavarar, bli samde om den mest rasjonelle samordninga av verksemda knytt til førekomsten og om fordelinga mellom utvinningsløyva.

Rettshavarane i Byrding 090 B og utvinningsløyva 248 D og 248 GS er samde om at Byrding får

rett til å produsere også dei voluma av Byrding som ligg innafor utvinningsløyva 248 D og 248 GS, mot eit kontantvederlag. Plan for utbygging og drift av Byrding vart overlevert den 19. august 2016 og er no til behandling i Olje- og energidepartementet.

Olje- og energidepartementet gav 15. november 2016 samtykke til at Pétoro kan delta i forenkla samordning i samsvar med fullmakt XV, pkt. 2 i Prop. 1 S (2015–2016).

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2016 under Olje- og energidepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2016 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2016 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|---------------|
| 1811 | | Statoil ASA | |
| (NY) | 96 | Aksjar, blir løyvd med | 4 989 000 000 |
| 1820 | | Noregs vassdrags- og energidirektorat | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med | 12 000 000 |
| | | frå kr 91 550 000 til kr 103 550 000 | |
| | 22 | Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 60 og 72</i> , blir sett ned med | 33 000 000 |
| | | frå kr 370 984 000 til kr 337 984 000 | |
| | 60 | Tilskot til flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 22 og 72</i> , blir auka med | 33 000 000 |
| | | frå kr 35 000 000 til kr 68 000 000 | |
| 2440 | | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda | |
| | 30 | Investeringar, blir sett ned med | 2 000 000 000 |
| | | frå kr 30 000 000 000 til kr 28 000 000 000 | |
| 2490 | | NVE Anlegg | |
| | 24 | Driftsresultat | 0 |
| | | 1 Driftsinntekter | -122 000 000 |
| | | 2 Driftsutgifter | 117 000 000 |
| | | 3 Avskrivningar | 4 800 000 |
| | | 4 Renter av statens kapital | 200 000 |
| | | | 0 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|-----------------------|
| 4811 | | Statoil ASA | |
| (NY) | 96 | Utbytteaksjar, blir løyvd med | 4 989 000 000 |
| 4820 | | Noregs vassdrags- og energidirektorat | |
| | 02 | Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir auka med | 12 000 000 |
| | | frå kr 88 858 000 til kr 100 858 000 | |
| 5440 | | Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda | |
| | 24 | Driftsresultat, blir auka med | 1 500 000 000 |
| | | frå kr 62 000 000 000 til kr 63 500 000 000 | |
| | | 1 Driftsinntekter | 124 400 000 000 |
| | | 2 Driftsutgifter | -31 000 000 000 |
| | | 3 Leite- og feltutviklingsutgifter | -2 500 000 000 |
| | | 4 Avskrivningar | -23 500 000 000 |
| | | 5 Renter av statens kapital | -3 900 000 000 |
| | | | <u>63 500 000 000</u> |
| | 80 | Renter av statens kapital, blir sett ned med | 100 000 000 |
| | | frå kr 4 000 000 000 til kr 3 900 000 000 | |
| 5685 | | Aksjar i Statoil ASA | |
| | 85 | Utbytte, blir sett ned med | 4 612 000 000 |
| | | frå kr 15 382 000 000 til kr 10 770 000 000 | |

II

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne overdragingar til staten ved Petoro som rettshavar i utvinningsløyve 435 i tråd med føresetnadene i proposisjonen.

=====



Trycksak